



# DEN NORSKE KYRKJA

Storfjorden kyrkjelege fellesråd

## **Storfjorden kyrkjelege fellesråd sine innspel til Høyring ny kyrkjeordning 2018:**

Forslaget til ny kyrkjeordning er eit resultat av at dagens kyrkjelov vert erstatta av ny Livs- og trussamfunnslov. Sidan denne lova ikkje vert handsama i Stortinget før til våren 2019, så får vi ikkje sjekka dei nye foreskriftene vedlagt høyringa opp imot den nye trussamfunnslova. Det ser vi på som ei svakhet ved denne høyringa.

Det er positivt at kyrkjerådet har korta ned regelverket i ny kyrkjeordning til å omfatte stort sett den gamle kyrkjelova, og med det "sett på vent" dei store reformene som har vore opp til hansaming i Kirkemøtet tidlegare.

## **Storfjorden kyrkjelege fellesrådet sine synspunkt til kapittel og paragrafar:**

**Kapittel 1:** Det er fint at Den norske kyrkja sitt grunnlag er kome som første kapittel, og seier noko om kva som er kyrkja sitt læregrunnlag, og definerer identiteten som trussamfunn og folkekyrkje.

### **§§ 5-6:**

Storfjorden KF støttar KA (Kirkens arbeidsgjevarorganisasjon) sitt forslag til endring i kapittel 1:

- At dagens formålsbestemmelse i kirkelova §1 vidareførast.
- At § 5 utgår i sin nåverande form frå kyrkjeordninga
- og at § 6 siste ledd får ny utforming:

«Styring og ledelse av Den norske kyrkje bygger på demokratiske prinsipp og skal på alle nivåer være forankret i demokratisk valgte styringsorganer. Valgte styringsorganer med personal – og forvaltningsansvar skal ha en daglig leder som står ansvarlig overfor disse.

Hvert sokn skal være sikret en ordnet teneste med Ord og sakrament (prestetjeneste) og står under tilsyn av biskopen i det bispedømmet soknet hører til. Prestetjenesten er representert i de valgte styringsorganer etter nærmere regler fastsett av Kirkemøtet.»

**Kapittel 2:** I trussamfunnslova er soknet og kyrkjemøtet definert som dei to juridiske einingane i Den norske kyrkje.

I høyringsbrevet skriv kyrkjerådet til kapittel 2 at Den norske kyrkja er delt inn i bispedømer, prosti og sokn. Prostia og bispedøma er administrative einingar mens soknet både er ei rettsleg sjølvstendig eining og definerer den geografiske avgrensa kyrkjelyden. Denne strukturen vidareførast.

**§ 9:** Storfjorden KF er oppteken av korleis ein kan ivareta soknet som juridisk eining og at ein difor omtalar soknet i denne paragrafen som eige juridisk eining.

**Endringsforslag til endring i lovteksta første setning:** (Endring med utheva

skrift)

Soknet er **ei juridisk eining** og den geografiske og administrative ramma om kyrkjelyden.

**Kapittel 3:** Dette kapitlet skal erstatte kapittel 2 i kyrjelova, §§ 5-16. Det er uklart om kommunen sitt ansvar for å finansiere verksemda i soknet vert ført vidare i framlegg til ny trussamfunnslov. Kyrkjerådet har likevel teke utgangspunkt i dette, og § 15 som regulerer kommunane sine krav overfor kyrkja er teke heilt bort. På det noverande tidspunkt må vi også ta høgde for at finansieringa vert ivareteken i lovverket. Reglane om soknemøte og reglane om formene for soknerådet og kyrkjeleg fellesråd si verksemd vert vidareført.

#### **§17. Uttreden av menighetsrådet i valgperioden:**

Storfjorden KF meiner at grunnlaget for uttredelse bør utvidast til å gjelde også seksuelle krenkelser og vold som er begått mot ein annan person i tilknytning til verv eller teneste for menighetsrådet. At ein henviser til de lovbestemmelser som inngår i oppregningen i §39 i politiregisterloven om barneomsorgsattest.

#### **Kapittel 5:**

##### **§ 39 Bispemøtet**

Storfjorden KF støttar KA som foreslår at formålsbestemmelsene i Bispemøtet i kirkeordningen §39 blir vidareført uendret slik bestemmelsen i dag lyder i Kirkeloven § 26.

At denne type nye forslag ikkje bør vedtas utan at spørsmålet er bredere utredet i forkant slik at høringsinstansene kan få oversikt over mulige konsekvenser av framlagte forslag.

#### **Kapittel 6**

##### **§ 49 sakshandsamingsreglar**

Det stillast spørsmål til om det er naturleg å ha krav om at sakshandsamingsreglane skal vere bunden av forvaltingslova, offentleglova og reglar om offentleg organ i arkivlova. At sakshandsaminga er regulert vidare av desse reglane hevar status på sakshandsaminga i alle ledd i Den norske kyrkje, samtidig som det bind opp ressursar internt mtp krav om profesjonalitet og administrasjon.

Ref:

Petra Riste Synnes

kyrkjeverje